



Austrheim kommune

Det er fint at du kører forsiktig og er obs på at små barn plutselig kan dukka fram. Men pass på at gjerde, hekkar, buskar, tre, murar og anna på eigedommen din ikkje gjer det vanskeleg å oppdaga barn og andre trafikantar.

Hekkar, buskar og tre må heller henga ut over eigedomsgrensa, eller skjula vegmerking, trafikkskilt, vegnamnskilt eller lyskjelder. Tenk også på at utrykningskøyretøy skal koma fram.

Trafikktryggleiken er ditt ansvar



Helsing

Teknisk drift
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Tlf.nr. 56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no

Besök vår heimeside:
austrheim.kommun.no

August 2014

Har du tenkt på at hekken og buskane dine kan vera ei trafikkfelle?

Kommunen oppfordrar den einskilde huseigar til å klyppa hekkar og buskar og rydde kratt langs vegane rundt eigen eigedom. Dette er særleg viktig i bustadområda.


Hekkar og buskar må ikkje veksa ut over grøftekanten eller inn i vegbanen, men klyppast ved eigedomsgrensa. Det vil seie inn til murkant, eller minimum 1 meter fra vegkant der det ikkje er mur. Det er særsviktig å klyppe ned hekkar og buskar i svingar og utkjørslar, sjå teikningane på neste side.

Hugs at:


- Hekkar må klyppast ned til 50 cm høgde i frisiktsonene.
- Greiner skal ikkje henge ut i vegbanen.
- Greiner må klyppast inn slik at fotgjengarar, rullestolbrukarar, syklistar og andre skal ikkje vert tvinga ut i vegbanen.
- Vegvedlikehaldsmaskinar skal ikkje verta hindra av hekkar, greiner og anna vegetasjon.
- Vegskilt og vegmerking må vera godt synleg.
- Greiner må ikkje skjula veglysa.

Vi ønskjer trygge og sikre skulevegar i heile kommunen, og ønskjer at vi går saman om å minska risikoene for trafikkulykker og auka trafikktryggleiken i ditt nærmiljø.

Om du ikkje gjer dette arbeidet, vil kommunen kunna utføra det med grovt maskinelt utstyr. Men resultatet vert nok betre om du gjer det sjølv.



Flytt hekken inn på eigen tomt og plant låge blomar og plantar i frisiktsona.



Greiner må ikkje henga lågare enn 4,7 m over vegbana og lågare enn 2,5 m over fortau.
Hekkar og buskar må ikkje veksa ut over eigedomsgrensa.

